

Informasjon til foreldre/føresette

Endring av frekvens i utskifting av iPad i Time kommune

Time kommune har sidan 2015 nytta iPad i skulen. Rulleringsfrekvensen på iPad hos elevane har til no vore 4 år+ 3 år+3 år, altså at elevane har fått ny iPad i 1., 5. og 8. trinn. Lærarane har hatt ei tilsvarande rulling, og fylgjer sine trinn.

Denne praksisen vil me frå skuleåret 2024/2025 endra på, og gå over til ei 5 år+ 5 år rulling. Det er to årsaker til dette; økonomi og omsyn til miljøet. Begge årsakene er like aktuelle, og det er ikkje sikkert at ein vil endra den nye praksisen om kommuneøkonomien betrar seg.

Det vil ikkje bli levert ut heilt nye iPad i skuleåret 24/25. Alle elevane leverer som vanleg inn iPad før sommarferien. Elevane på barneskulen vil behalda sine iPad, då ingen er eldre er 4 år. For elevane på ungdomsskulen vil det vera noko omrokking av iPad, då dei nyaste iPadane vil bli gitt til 1. trinn. Frå skuleåret 25/26 vil elevane få ny iPad i 1. og 6. trinn. Elevane på dei andre trinna vil ha iPad til dei er 5 år gamle.

Ny ordning gjer at skulen nyttar utstyret lenger og med det ta ned trongen for investering. Dette gjer at kommunen viser måtehald med omsyn på kor ofte kommunen går til nyskaffing og kostnad av dette.

Ein fire- fem år gamal iPad vil ikkje vera like rask som ein ny, då teknologien endrar seg heile tida. Til tross for overgang til ei 5 år+ 5 år rulling, vil ein likevel alltid ha det siste oppdaterte operativsystemet (iPadOS).

Ein vil kunne merke overgangen på sær sressurskrevjande oppgåver som redigering av film eller bruk av AR (augmented reality) på iPad, men dette er tenester som allereie verkar fint på iPad som i dag er i bruk.

Metodeval og praksis i klasserommet som ein per i dag nyttar, vil ikkje verta påverka av denne endringa.

Dei siste åra har skulen nytta tastatur som har vist seg å vera svært gode i å forhindra slagskade, i tillegg til å vara lengre. Framover er det dette tastaturet som vil verta nytta.

I skuleåret 24/25 vil det vera behov for å skifta ut særskild dårlege tastatur. Skulane vil før ferien gjera ei kartlegging av behovet for dette.

Helsing

fagstab oppvekst Time kommune